
Fra: Sissel-Anny <sahjelm@online.no>
Sendt: mandag 8. oktober 2018 23:14
Til: Postmottak Lindås
Emne: VS: Den Trondhjemiske postveg som kulturminne og fredning
Vedlegg: Nyopning Vegoppmåling 1786.doc; Kart WFK Christie 1812-1813.jpg

Fra: Sissel-Anny [<mailto:sahjelm@online.no>]

Sendt: 8. oktober 2018 22:03

Til: 'post@lindas.kommune.no'; 'hfk@hfk.no'; 'tine.eikehaug@vegvesen.no'

Emne: Den Trondhjemiske postveg som kulturminne og fredning

Til utval for kultur og byggesak

Til avd. for kultur

Til avd. for byggesak

Eg vil på det sterkeste oppmoda Lindås kommunestyre om å gjera vedtak som sikrar at Den Trondhjemiske postveg gjennom Lindås kommune, frå Isdalstø til Fanebust vert freda, at heile vegen får kulturminnestatus og at postvegen som har vore teikna inn på kart heilt frå 1811 (av W.K.F. Christie) kjem inn på Nordhordlandskartet snarast, og at all bygging på denne vegen ikkje vert tillate før det har vore ei grundig vurdering for og imot av kommunale etatar, som kulturavdelinga og byggesaksavdelinga og andre.

Eg har brukt mykje tid på å finna att spora som måtte vera etter denne gamle vegen. Eg har sete med Tommy Veland på teknisk etat Lindås kommune og forklart kor vegen går og han har teikna han inn i terrenget. Likeeins har eg site i lag med folk på Statens vegkontor Hordland som også ville vita kvar vegen gjekk, medan dei teikna det inn i sitt kart. Eg har laga powerpoint som viser gamle og nye bilet av vegstrekninga Isdalstø-Nese, og har laga ein brosjyre trykt opp i 50 eksemplar, (som er utseld, men lett å trykkja opp nye), og slik prøvd å spreia kunnskap om vegen.

Når eg no oppdagar at det likevel dei siste dagane er skote ut og mura grunnmur truleg til bobilgarasje oppå postvegen, at vegen framleis ikkje er å finna på Nordhordlandskartet, må eg seia eg vert, som han sa mannen, ganske vonbroten. Eg går ut frå at dette tiltaket ikkje har vore søkt om fordi det truleg er mindre enn 50 m². Men det står midt oppå den gamle postvegen.

Det er ikkje mi sak å rapportera slike saker, men eg ser problemet og oppmodar kommunen gjera eit snarleg kommunestyrevedtak om at all bygging og stengsle av Den Trondhjemiske postveg ikkje vert tillate utan at det har vore ei grundig vurdering for og imot av aktuelle kommunale etatar. Kanskje kommunen har gjort eit slikt vedtak tidlegare, i samband med postvegen på strekninga Hundvin – Lindås? Uansett må eit slikt vedtak gjelda for heile den trondhjemiske postvegen i Lindås kommune.

Seim, 8. oktober 2018

Sissel-Anny Hjelmtveit
(mob 977 61 037)